



Lars Haugland og Hans Reidar Kjærland mottok heider for levering av elitemjølke i 20 år. Med seg har dei Gunnstein Bakkegrad frå Jondal.

To mjølkebønder frå Uskedalen vart på møte i Folgefonna Produsentlag heidra med 20 årsplakett og blomehelsing. Det er Svanhild og Lars Haugland og Anne Marit og Hans Reidar Kjærland. Dei har med dette levert elitemjølke i 20 av dei siste 22 åra. Runar Myklebust fekk 5 årsplakett.

Hans Reidar Kjærland har faktisk levert elitemjølke 20 år på rad. Lars Haugland hadde ein måned eit år (1998) han ikkje oppfylte krava. Dermed har han levert feilfri mjølke 19 strake år. Lars Haugland fortel til Grenda at han er usikker på familien vil halda fram med mjølkeproduksjon. Nye og strengare krav innan 2024 krev store investeringar, noko som kan føra til at Lars Haugland legg om drifta før den tid.

Hans Reidar Kjærland har levert elitemjølke i 20 av 20 år. For fem år sidan fekk han Sølv Tina. Ei ny utmerking for 25 år er på trappene. Målet er ny heider og tildeling med 25 års levering av elitemjølke som er den høgste kvalitetsmerkinga norske mjølkebønder kan få.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Morten Nygård - Grenda